

## **Vågsøy kommune**

### **Sakspapir**

### **SAKSGANG**

### **Styre, råd, utval m.m. Møtedato Saksnummer**

Formannskap 05.06.2014 048/14

Kommunestyre 19.06.2014

### **Endeleg vedtak i:**

Kommunestyret

**Arkivsaknr.: 13/145. Saksansvarleg: Knut Ove Leite**

## **132 KV-ledning Ytre ring Nordfjord**

### **Rådmannen si innstilling**

1. Vågsøy kommunestyre er positiv til ei realisering av 132 Kv-leidning Ytre Ring Nordfjord med omsyn til forsyningssituasjonen til kommunen.
2. For å unngå framtidige konflikter med fjordkryssing og hamneutbygging, ber kommunestyret om at trasèen 4.3 Rugsundøy-Verpeneset vert vald. Øvrige trasèval har ikkje kommunestyret merknader til.

### **05.06.2014 Formannskap, Møtebehandling:**

Et samlet formannskap fremmet nytt pkt. 3:

«3. Vågsøy kommunestyre krever at nødvendig kraftforsyning til nåværende og fremtidig industriutbygging blir sikret.»

### **Votering**

Et samlet formannskap voterte over rådmannens innstilling til vedtak og nytt pkt. 3 fremmet av et samlet formannskap. Dette ble enstemmig vedtatt.

F-048/14

### **Vedtak:**

1. Vågsøy kommunestyre er positiv til ei realisering av 132 Kv-leidning Ytre Ring Nordfjord med omsyn til forsyningssituasjonen til kommunen.
2. For å unngå framtidige konflikter med fjordkryssing og hamneutbygging, ber kommunestyret om at trasèen 4.3 Rugsundøy-Verpeneset vert vald. Øvrige trasèval har ikkje kommunestyret merknader til.
3. Vågsøy kommunestyre krever at nødvendig kraftforsyning til nåværende og fremtidig industriutbygging blir sikret.

### **Bakgrunn for saka**

Det skal byggast ny straumtilførsel til Ytre Nordfjord- 132 kV Ytre ring. Tilførselslina kjem frå Ålfoten forsyningssentral og skal ende opp i Deknepollen sentr. Saka har vore til høyring før, og det er no snakk om eit revidert forslag som vert foreslått i ein andre høyringsrunde. Dei vesentlegaste endringane er i Bremanger kommune. SFE er søkjar. Høyringsfristen er 2. juni, men NVE har skriftleg stadfesta at kommunestyret si handsaming 19. juni vert å sjå på som innafor fristen.

### **Saksopplysningar / fakta**

Lina skal tene fleire interesser. Kunne ta i mot straum frå planlagde vindparkar, lage ringforsyning som reduserer utfall ved straumbrot og sikre meir kraft til Vågsøy. I Vågsøy er alternativa redusert i høve første høyring. Ein fremmar no kun søknad om kryssing frå Rugsundøy. Alternativet over Husevågøy er forlatt. Det foreslåtte alternativet er frå Rugsundøy i kabel til Bikkjelsneset eller Verpeneset og i luftspenn til eksisterande leidning mot Deknepollen. Ein følgjer eksisterande trasè frå Nygårdsvatnet.. Sjøkryssinga ligg om lag i traseen for planlagt fjordkryssing med bru. Det er her også vurdert i landføring ved Angelshaug, men dette er teke ut av søknaden grunna konflikt med busetnad/fritidsbustader. SFE utalar at dei 2 alternativa er likeverdige. Det er for dei mindre vesentleg kva løysing av dei to som vert vald. Ein konsekvens av ringforsyninga er at ei av leidningane mot Bryggja vert demontert.

### **Vurdering / konsekvensar**

Valet av ilandføringsstad i Vågsøy kjem for Bikkjelsneset sin del i konflikt både med kaiområdet som ligg i arealdelen i kommuneplanen og planane for fjordkryssing anten med ferje eller bru. Uttale frå Nordfjord Hamn IKS ligg ved. Dei går i mot løysinga på Bikkjelsneset. Kommunedelplanen for fjordkryssing er enno ikkje lagt ut til høyring, men ein legg ved kart frå

planen som syner at ilandføringspunktet for kabelen kjem nær området anten for fergekai eller bru. Ettersom det er enklare å tilpasse seg dette no enn i ettertid, må ein difor gå for alternativet med ilandføring på Verpeneset. Den planlagde fjordkryssing med ferge/bru er omtalt i dokumentet og slik sett kjent for NVE. Konsekvensane elles i Vågsøy er relativt små ettersom ein ikkje kjem i arealkonflikt med andre interesser. Det vil også vere ei estetisk forbetring at ei av linene mot Nave fordelingsstasjon vert fjerna som konsekvens av utbygginga. Det er elles grunn til å understreke at å sikre tryggare og betre straumforsyning til Vågsøy er viktig for ma næringsutviklinga i kommunen.